



Møtereferat

Møte nr. 4 i: Utval for politisk styringsstruktur	Dato: 30.01.2018	Tid: Kl. 14.30 – 16.00
Møteleiar: Marianne Sandahl Bjørøy	Stad: Nye Øygarden kommune, Skjenet 2	
Medlemmer som møtte: Marianne Sandahl Bjørøy Ernst Einarsen Kristin Brennhaug Jogeir Sognnæs Jørgen Kausland Børge Haugetun Espen Harkestad (vara for Ingrid Marie Toft)	Forfall: Ingrid Marie Toft	
Andre: Ingen		
Referent: Willy Sørensen		

Saksnr	Sakstittel
5/18	Velkommen ved leiar Marianne Sandahl Bjørøy Leiaren ønske velkomen til møtet
6/18	Godkjenning av innkalling og sakliste, og godkjenning av tidlegare utsendt referat frå førre møte 11.01.2017. Innkalling og sakliste vart godkjend utan merknader. Ein gjorde sekretæren merksam på at innkallinga ikkje var lagt ut på NØK si heimeside før møtet, og at eit par av vedlegga i tillegg kunne vere vanskeleg å opne. Dette vart teke til etterretning. Leiaren viste til at møtet denne gong måtte avsluttast kl. 1600 grunna kollisjon med anna møte. Ho viste også til at hovudtemaet for møtet (saksnr.7) truleg var for omfattande til at



	utvalet ville klare å komme gjennom det på berre eit møte.
7/18	Drøfting av utkast til reglement for folkevalde organ, datert 22.01.18 Utvalet hadde ei grundig drøfting av dei 10 første sidene av reglementet, og hadde presiseringar og tillegg til fleire av temaene i utkastet, m.a. <ul style="list-style-type: none">- Prosedyrar knytt til handsaminga av ikkje-offentlege dokument- Framgangsmåte ved ugildskap- Røystemåtar- Spørjetime i kommunestyret/ prosedyrar for spørjing i formannskap og hovudutval- Bruk av saksordførar og utgreiingsnemnder- Innbyggjarinitiativet Ein peika også på at ein kan vente endringar i gjeldande kommunelov, og at det vil vere viktig å vere merksam på dette i den vidare prosessen. Merknadene i denne delen av reglementet vil verte innarbeidd og ligg føre til neste møte. I neste møte i utvalet, sett til 20.februar 2018, vil ein gå gjennom siste del av reglementet.
8/18	Ymse Det vart ikkje drøfta spesielle saker eller tema under ymse. 01.02.2018 For leiaren Willy Sørensen Referent